

## **Innspel til kommunens arealdel**

Både som privatperson og leiar av Kvernbit Kajakk etterlyser eg langt betre tilkomst til kommunens vakre sjøareal, i størst mogleg grad universelt utforma. Vår klubb arbeider for at også rørslehemma personar skal kunne delta i våre aktivitetar på flest mogleg stader i kommunen. 3 av klubbens aktivitetsleiarar har nettopp gjennomført EtU-kurs (para-padling) i regi av Norges padleforbund, og har sterkt ønskje om å gje tilbod til rørslehemma i kommunen / regionen, då dette er ei forsømt gruppe i idretten, med få tilbod. Vi treng køyreveg og parkering for vår kajakkhengar, og (helst) fasilitetar som vatn og enkelt tak over hovudet for dei med størst behov. Som sikkert kjent, har fylket midlar til rådvelde. Dette vil kunne vere svært rimelege "idrettsanlegg", med låge driftskostnader. Våre "baner" er gratis, fri for granulat og vedlikehaldsfrie!

VH Audun Håland,

Leiar Kvernbit Kajakk